



# Årsmelding 2017

## Bø Turlag

### Styret 2017

Arne Hjeltnes (leiar)  
 Jarle Tyvold (kasserar)  
 Tor Lønnestad (skrivar)  
 Siri Stauch-Hansen  
 Øystein Akselberg

**Revisor:** Jan Lepperød

### Varamedlemmer:

Ingrid Bergane  
 Halvor R. Gåra  
 Wenche Kristine Rulnes Røstad  
 Thorvald Amundsen  
 Synnøve Tryggestad

### Nemnder, representantar i andre lag og valkomité

#### Turstinemnd:

Inge Bø, leiar og turområdeansvarleg  
 Thorvald Amundsen

#### Turknappnemnd:

Håvard Hogstad Erikstein  
 Halvor Gåra  
 Morten Rask Arnesen  
 Solvor Marie Brukås Folkestad

#### Turlagets representantar i Bø Løypelag:

Per M. Holtung  
 Einar Fagerås

#### Valkomit :

Per Johan Nordvik  
 Bente Dysthe  
 Margit Ryen Steen

### Styreaktivitet og medlemstal

Årsm tet i 2017 blei halde p  Sandvin tysdag 28. februar. Styret har hatt fem m te i 2017: 31/1, 15/3, 30/8, 8/11 og 29/11. Laget hadde 331 medlemmer i 2017 mot 337 i 2016.

## Turprogrammet 2017

### **Kom-deg-ut-dag Skiskyttarstadion – søndag 5. februar**

I regi av Barnas Turlag.

### **Lifjell på langs – søndag 12. mars**

Turleiar Gunleiv Brukås. 55 deltakarar, av desse 2 unge. Kjørde med 4 stk maxitaxi opp til Grimås, som vanleg glatt det siste stykket. Bratt og litt laus sno opp Grimås-bakkane, derfrå flott løype heile vegen. Vekslande mellom tåke og god sikt, lett vind i ryggen og rundt 0 gr. føre. Alle hadde god kaffi/vaffelpause på Hollane.

### **Skileik i Krinto – søndag 26. mars**

I regi av Barnas Turlag.

### **Blåveistur Vefall – tysdag 18. april**

Turleiar Halvor Gåra. 5 deltakarar. I samarbeid med Midt-Telemark seniorlæring. Det var litt seint for blåveis, så det blei heller ein kvitveistur. Rast i sola på plassen Steinstolen. 4 gjekk vidare til Strond medan turleiaren henta bilen. Møttest ved utsiktsplassen mellom Strond og Manheim. Her kan ein få høyre om Gonil Dale som blei bergteken i Gagnås.

### **Trollsafari Vefall-Brekke – søndag 23. april**

I regi av Barnas Turlag.

### **Haukvikfjellet – onsdag 26. april**

Turleiar Karin Pedersen. I samarbeid med Gvarv Turlag. 21 deltakarar. Turen gjekk innom Massebu, Sveune og Fjellstul i lia mellom Liagrend og Haukvikfjellet. Oppe på Sveune (open grunnlendt plass i skogen) var det fin raste plass med flott utsikt over Norsjø.

### **Forberg/Bergenåsen på sykkel – tysdag 2. mai**

Turleiarar Margit og Bjørn Steen, kjentmann Sigmund Forberg. 9 deltakarar. Sykla Berglandvegen og opp til vestsida av Bergenåsen. Rundtur til fots. Sykla vidare til Bruserud, og gjekk på stigen nærast Forberg-sida. Etter matpause stigen vidare noko mot vest, og returnerte til syklane.

### **Brekkegrenda – tysdag 9. mai**

Turleiar Haldis Brekke Aanonsen. 15 deltakarar. Lett tur, ein del etter veg, men fint terreng å gå mellom Kåsa, Todalen og Breketo med flott utsikt til både Gygre stolen og Seljordsvatn. Blømande Søstermarihand.

### **Fugletur – laurdag 13. mai**

Turleiar Øyvind Steifetten. I samarbeid med Naturvernforbundet.

### **Klatredag i Espedalen – søndag 14. mai**

I regi av Barnas Turlag.

### **Fisketur Tveittjønnen i Eikjabygda – søndag 21. mai**

I regi av Barnas Turlag.

### **Pilegrimsvandring – torsdag 25. mai**

I regi av Kyrkjekontoret mfl. Vandring frå Nes Kyrkje til Bø Kyrkje.

**Maskat – søndag 28. mai**

Turleiarar Ingrid Askildt og Ingrid Bergane. 15 deltakarar. Frå Holtan Damtjønn via Borstul til Dyrud Damtjønn. Så til Dipilen før turen gjekk opp til Maskat i bratt terreng. Mange fine utsiktspunkt undervegs. Heimvegen gjekk om Tveitstulen til Dyrud Damtjønn og tilbake til Holtan Damtjønn. Litt sol, litt tåke på toppen og småregn på heimveg.

**Gautil/Meinstadfjellet – tysdag 6. juni**

Turleiar Tor Lønnestad, kjentmann Jan Anders Haugland. 10 deltakarar. Start frå badstova ved Seljordsvatn. Spannande terreng der Jan Anders fann fram på bratte elgråkk så vi nådde toppen av Meinstadfjellet og skreiv oss inn i boka. Noko regn la ein dempar på oppmøtet, men ikkje på humøret.

**Bryggefjellryggen – tysdag 13. juni**

Turleiar Halvor Gåra. 18 deltakarar. Kjørde til Åstul, derfrå bratt marsj opp til Kakkøløms-hola med registrering på turposten. Så oppover i villmarksterreng til Skjenantoppen, 806moh, med rast og fotografering. Følgde så ryggen vestover mot Skålbuhaugane og i ulendt terreng ned til Dyrudalen. Her langs "vinterløypa" ned til Åstul og bilane. Totalt ca 4 timar i delvis tungt terreng. Ein skada seg i foten på nedturen. Han fekk låne stav og kom seg greitt ned.

**Rusletur i Bø sentrum – onsdag 14. juni**

Turleiarar Finn Rønning og Ingvar Skobba. I samarbeid med Bø Museum. Ca 40 deltakarar vandra i gata til gode historier.

**Holtan Damtjønn – 12-13. august**

I regi av Barnas Turlag. Turbotur med padling, fiske og overnatting.

**Husefjell i Lunde – tysdag 22. august**

Turleiar Thorvald Amundsen. 15 deltakarar fekk ein flott tur i strålande ver.

**Folkestadåsane – søndag 3. september**

I regi av Barnas Turlag. Kom-deg-ut-dag.

**Tåråfjell frå Grønkjær – søndag 3. september**

Turleiar Halvor Gåra. 17 deltakarar. Frå parkeringa ved Svevet, oppom utsiktspunkt ved Lomtjønn og matpause ved idylliske Sandtjønn. Fantastisk utsikt mot Notodden og til flystemnet ved flyplassen. Orienterte om Margit Hjukse og Helge Tveitan (Helgenotra). Totalt 6 - 6.5 t.

**Sopptur – tysdag 5. september**

Turleiarar Margit og Bjørn Steen. 7 deltakarar, 1 ung. Turen gjekk i området mellom Hellestad sandtak og Åskollen. Det var ein del ny hogst, men det blei funne ein god del sopp likevel, både matsopp og giftig sopp. Det var småregn det meste av tida.

**Himingsjø – laurdag 9. september**

Turleiar Arne Hjeltne. Opning av Notodden Turlag si nye hytte: Himingsjø Turisthytte. Over 100 personer møtte opp. Alle turlaga som grenser til Notodden Turlag var representert, dessutan fylkeslaget og DNT sentralt. Det var 10 deltakarar frå Bø Turlag som tok turen på 5 km frå Grønbygil. Mykje vatn i terrenget og i Gavlsjø, gummistøvlar var rett fottøy. Vi overleverte helsing frå Bø Turlag og gav ei vedøks i gåve.

**Tangen på Hørte – søndag 10. september**

I regi av Barnas Turlag. Mat i naturen.

**Bømarsjen Vatnar/Roheim – søndag 17. september**

Det var 64 deltakarar i lang løype, og 30 i kort. Start/slutt ved Vatnar skule. Lang løype sørover langs Lona på austsida, nesten ned til Ølsbru. Derfrå nordetter opp Vermelia, attom Lauvtjønn til matstasjon ved Brånan med heteskokastkonkurranse. Rundt Lauvtjønn, framom Tjønnås, Smærtjønn og ned att til Vatnar. Kort løype T/R Vatnar - Brånan.

**Teksten-Bø over Breisås – søndag 24. september**

Turleiarar Margit og Bjørn Steen. 14 deltakarar. Start i lia over Teksten Camping. Fyrst opp bratte bakkar til Sulukoll med kort stopp. Så i myrlendt lende langs Sulukolltjønn til Kringletjønn og opp til Raudmyrkollen med hovudrasten. Så på austsida av Raudmyrane og vidare over Røysdeilåsen ned til byggjefeltet i Breisås. Turen gjekk i overskya ver, men utan regn.

**Bryggefjell – søndag 1. oktober**

I regi av Barnas Turlag.

**Breisås – søndag 5. november**

I regi av Barnas Turlag. Kart og kompass i skogen.

**Trilleturar**

For dei som er heime med små – treffast og trille saman kvar tysdag kl 11. Turen tek gjerne om lag ein time, deretter er det sosialt samvær på Meierismuget eller Husly.

**Rusleturar**

Eit nytt opplegg for korte rusleturar vart sett i verk frå mai 2017, i samarbeid med Oterholt Helselag, Bø Røde Kors og Aktive Eldre. Det er oppmøte i Gullbring kl. 11, rusling i sakte tempo gjerne i mindre grupper, og «innkomst» kl 12. Så er det hyggeleg prat over ein kaffikopp i Gullbring etterpå. Antal deltakarar varierer men er typisk 5-10.

**Turstiar - arbeid utført i 2017****Lifjell**

Vanleg ettersyn, rydding av trefall, sjekk av skilt og stolpar på alle stiane i området. Klopp er lagt ut to stader på stien mellom Røksbu og Langetjønn.

**Gyrestolen**

Mellom anna to rundar med ryddesaga for å halde stien open. Litt uryddig parkering i starten av sesongen, men det vart sett opp ein plakat og det såg ut til å hjelpe.

**Breisås**

Rydding og vanleg vedlikehald er gjennomført. Trefall i stien til Griseryggen og i Petterskås er rydda. Infoplakaten ved steinfyllinga er bytta ut og festa betre. Omlegging av turstien i Steinsrud grunna bygging er gjennomført. Ny bru er lagt over bekken. Stien er blåmerka og retningskilt er sett opp.

### **Håsårudhåttan Kulturminneområde**

Rydding etter trefall. Fleire bruer og klopper er utbetra i Spinnestien og stien i Bordvegen. Tilvekst med buskar og gras er rydda. Ein infoplakat er fornya.

### **Høyslass-Bruskor**

Oppslagstavla på Travbanen er flytta etter avtale med grunneigar og kommunen. Traktorvegen opp frå skyttarbanen er merka på nytt etter tømmerdrift. AT skog rydda godt opp etter seg etter stor hogst på åsen sør for Høyslassnuten.

### **Bryggefjell**

Stien er i god stand. Nokre plakatar er bytta ut. Etter «klage» er det nå merka enda tettare frå Innleggen og til topps.

### **Bøelva frå Oterholt til Folkestadbrua**

Rydding ein del trefall, bytta ein del plakatar, sjekka noko på kloppar, slått på husmannsplassane to gonger, og diverse kantslått.

### **Bøelva frå Folkestadbrua til Gårabru**

Stiane er stort sett god stand, dei er rydda og slått fleire gonger i løpet av sommaren. Større tre er fjerna med motorsag.

### **Årmodalen**

Har rydda i traktorvegen opp frå tavla mot Krokstjønn. Fornya nokre skilt på strekket Røysland-Røytebufjellet. Elles sporadisk rydding.

### **Ølsbru-Vermelia-Lauvtjønn**

Lite å gjera, stien er bra.

### **Folkestadåsane**

Lagt ny bru over bekken på stien frå Rallevegen opp til Trytetjønn. Elles vanleg vedlikehald med rydding av ein del kvist. Litt sølete i løypa ved Telemarshallen p.g.a. hogstmaskinar.

### **Maskat - ny tursti ferdig**

Ein dugnadsgjeng på 5 med Bjørn Steen i spissen har rydda og merka ny tursti til Maskat frå parkeringsplassen ved Svalbjørgtjønna. Stien har avgreining til Nedre Rennefjønn ved grensa Bø/Sauherad. Retningskilt er sett opp, og ei infotavle er sett opp på parkeringsplassen ved Svalbjørgtjønna. Denne nye traséen gjev nye rundløyper til glede for både Bø og Gvarv Turlag.

Generelt er stiane i god stand og mykje bruka, men aukande sykling gjev ekstra slitasje. Som før – godt samarbeid med Notodden Turlag, Seljord Turlag og Gvarv Turlag.

***Stor takk for alt arbeid som er utført i 2017 – vel 250 dugnadstimar!***

## **Turstiar – prosjekt 2018**

- Ny bru ved Holmendammen i samarbeid med Bø Fiskelag.
- I Breisås bør stien mot Åstjønn leggst om noko grunna synkemyrar.

- Stien opp frå Kåsinjordet må drenerast/kloppast, det same gjeld andre plassar i Breisås.
- I Høysslass/Bruskor skal plakatane på oppslagstavlene fornyast, og det trengs nokre nye skilt. Det skal også monterast eit tykt tau i bratt parti.
- Parkeringsplassen ved Innleggen treng utviding. Kostnad ca Kr 70 000,-  
Prosjektansvarleg er Sveinung Astad.

## Turknappen 2017

For 2017 er det levert inn 23 skjema til turknappen, mot 30 skjema i 2016. Detaljar kjem som eiga sak.

## Andre aktivitetar 2017

- Turlaget var representert på møte med løypelaget 10. januar om finansiering av ny løypemaskin.
- Turlaget tok initiativ til og arrangerte møte på høgskolen 18. oktober om allemannsretten. Marianne Reusch var hovedtalar. Medarrangørar: Bø Skogeigarlag, Bø bondelag, Institutt for friluftsliv, idretts og kroppsøving – HSN, Skarphedin Sykkelgruppe, Bø O-lag og Barnas Turlag.
- Turlaget var representert på møte 9. november på Lifjellstua med DNT-Telemark om ruter og overnatting på Lifjell. Turlaget skal velje ei rute frå Jønnbu til Hollane og «anneks» på Lifjellstua skal vera ubetjent DNT-hytte.

## Turlaget på internett

På turlaget sine heimesider [boturlag.no](http://boturlag.no) finn ein kart og omtale av turområda samt informasjon om og annonsering av turane. Dessutan nyttar turlaget Facebook stadig meir til å annonsere turar som kjem, og fortelje om turar vi har hatt. Kom gjerne med bilete frå turar!

## Lagets økonomi

Rekneskap for 2017 kjem som eiga sak, men styret meiner at Bø Turlag har god økonomi.

## Konklusjon

2017 har vore nok eit aktivt og godt år for Bø Turlag!

## Arbeidsplan 2018

I tillegg til den ordinære drifta, som omfattar å organisere turar, vedlikehalde stinettet og jobbe med politiske saker som gjeld friluftslivet i Bø, vil vi jobbe med dei prosjekta som er nemnd under «Turstiar – prosjekt 2018». Her vil nok utviding av parkeringa ved Innleggen vera det største prosjektet. Elles er det sett i gang forsøksdrift med vintergåløype langs nordsida av Bøelva frå Oterholt til Folkestadbrua. Jan Kenneth Tjønnås og Thorvald Amundsen køyrer opp traséen med snoskuter når det trengs.

Bø, 27. februar 2018

Styret i Bø Turlag